

# LØYPEBESKRIVELSE

## VOSSATUREN

### START.

Start frå Cirkle K stasjonen gå over gangfeltet mot Coop og ta til venstre, og følg Vangsgata rett fram forbi kyrkja. Ta så til venstre og følg gangvegen gjennom den praktfulle Prestegardsalèen forbi campingplassen til Tintrabrua. Over brua svingar du så til høgre opp Russarvegen og følg skilting til Bordalsgjelet. Venstre etter bru. Her står den første koden på grinda. Her kan dei som ynskjer det gå inn langs stien og oppleve Bordalsgjelet med sine praktfulle jettegryter.

Retur til Tintrabrua og over denne og første veg til høgre oppover langs med elva, og følg denne til Langebrua. Dei som går 6 km, svingar no til venstre og tilbake til Cirkle K stasjonen. 12 km løypa kryssar riksvegen og følg Elvegata opp til Shell stasjonen. Så går du til høgre og passerar Voss Mylna og tek veg ned til høgre og over Båbrui. Fortsett vegen til høgre og du vil så passera Vestnorsk Kulturakademi, vidare opp vegen gjennom skogen til neste platå. Sving så til høgre og følg stien inn gjennom skogen, der finn du neste kode på ei trestamme, og vidare opp på gangvegen, ved Voss Vind. Sving til høgre, og følg gangstien ca 200m, og kryss vegen og gå opp Gilbaret. Ta til venstre ved vegdele ved Tvildesvegen og følg denne over jernbanen, her står siste koden, sving til venstre, gjennom nokre gardstun og gjennom skogen til du kjem til hovedvegen.. Sving til høgre over brua og svingar så til venstre og følgjer denne vegen ned igjen til Cirkle K stasjonen. Du er i mål. Og har nå gått 12 km.

-----Klipp/riv her-----

### STARTKORT

Kontrollkode 1       Kontrollkode 2       Kontrollkode 3

Eg har gått ..... km

Navn .....

Adresse.....

Postnr/Stad.....

Bulken Turmarsjlag  
v/Harald Ringheim  
Tlf. 99 20 34 64





Utskrift fra Norkart AS kartklient

Dato: 03.04.2022

Målestokk: 1:15000

Koordinatsystem: UTM 32N

